

Saksbehandlar: Johan J Meyer, Fylkesrådmannen, Hordaland
Sak nr.: 2018/16007-5

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval		04.02.2019
Fellesnemnda		14.02.2019

Overføring av personell frå Statens vegvesen - garanti med omsyn til vern mot oppseiing, jf. Intensjonsplanen av 17. januar 2017

1. Samandrag

I samband med avvikling av sams vegadministrasjon og overføring av oppgåvene frå Statens vegvesen til fylkeskommunane har Samferdsledepartementet lagt fram til høyring eit lovforslag om at overføringa av alle aktuelle tilsette frå Statens vegvesen vert behandla som ein «virksomhetsoverdragelse» i samsvar med arbeidsmiljølova kapitel 16.

For å sikre lik behandling av dei tilsette som vert overført til den nye fylkeskommunen med verknad frå 1. januar 2020, gjer fylkesrådmennene her framlegg om at intensjonsplanen pkt 6 fjerde avsnitt óg vert gjort gjeldande for dei tilsette som vert overførte frå Statens vegvesen. Fylkeskommunen kjem ikkje til å opprette fleire stillingar knytta til fylkesvegområdet enn naudsynt. Vi må difor leggje til grunn at ingen av dei tilsette som vert overført frå Statens vegvesen kjem til å bli «overtalige som følgje av samanslåinga». Garantien kan likevel gjere det meir attraktivt for tilsette som er i ein valsituasjon å søke seg til stilling i Vestland fylkeskommune

Ordlyden i intensjonsplanen pkt 6 fjerde avsnitt:

« Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemningsprosess.»

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiing i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalige som følgje av samanslåinga i denne perioden.
2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høyringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene».